

## Aktivitet og prosjekt i 2015



Hardangerrådet iks

NYTTÅR 2015.



Hardanger

### Regionrådet 2011-2015 for

Hardangerrådet iks er eit interkommunalt selskap for kommunane/herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Odda, Kvam, Ullensvang og Ulvik. Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd. Hardangerrådet sine formelle organ er Regionrådet, Hardingtinget, Rådmannsforum, Styret og dagleg leiar. Andre kommunale samarbeidsorgan er Hardanger Ungdomsråd, Hardanger Kulturråd, Team Hardanger, Kompetanseregionen Hardanger/Voss.

Regionrådet = Representantskapet er øverste organ = Ordførarane i Hardanger.

Regionrådet og Hardingtinget er i 2014 og 2015 leia av Rådsordførar John Opdal med Rådsvaraordførar Jon Larsgard. Styreleiar er Toralv Mikkelsen. Leiar i Rådmannsforum 2014 og 2015 er Ingrid Guddal.



### Kommunestruktur i Hardanger 2013 - 2019.

Regjeringa Solberg oppmodar kommunane å arbeida med nye kommunegrenser. Ordførarane i Hardanger har etablert seg som arbeidsgruppe for å initiere prosessen og tema for dette i regionen. I løpet av 2014 er det etablert 3 kommuneprojekt til utgreiing i Hardanger:

- Granvin , Eidfjord, Ullensvang og Ulvik har ei felles utgreiing
- Ullensvang , Odda , Jondal har ei felles utgreiing.
- Kvam, Jondal , Odda har ei felles utgreiing.

Hardanger som ein kommune vert førebels ikkje arbeidd vidare med.

Staten sin framdriftsplan er slik at frivillig samanslåing må vera avklara og vedteke i dei respektive kommunestyra i løpet av vinter/vår 2016.

Dei kommunane/herada som då ikkje har vedtak om frivillig samanslåing, vil verta vurdert samanslått av Staten ved Regjering og Storting.

Hardangerrådet iks, Kinsarvik 03.01.2015

[www.hardangerraadet.no](http://www.hardangerraadet.no)

Trude L. Rinaldo  
Konsulent

Leiv Vambheim  
Dagleg leiar



## Aktivitet og prosjekt i 2015



### Prosjektet vert no avslutta.

[www.flytttilhardanger.no](http://www.flytttilhardanger.no)

Flytt til Hardanger har vore drifta i regi av Hardangerrådet iks i 7 år i 2 hovudfasar. Prosjektleiari Anette Hjeltnes har vore innleigd kapasitet. Siste heile driftsåret 2014 har fokuset vore på jobbtillflytting, kommunevertskap og tenestetorgsamling. Prosjektet har delteke på messer i Oslo, Bergen, Houten i Nederland og Reykjavik på Island saman med kommunar og verksemder. Den 22.mars i Oslo 2014 var ei stor Hardangermanifestering med 600 messebesøk og 1200 festdeltakarar. Karrieredagen i Bergen hadde besøk av mange studentar med interesse for jobb i Hardanger. Tilflyttarmessa i Houten var i regi av Team Hardanger og Rekrutteringsmessa på Island var i samarbeid med NAV Eures. Prosjektet har i 2014 hatt stort fokus på at kommunane skal ha gode rutinar rundt mottak av nye innbyggjarar med utdeling av velkomsthelsing. Tenestetorga er kjernen i tilflyttarvertskapet i kommunane og FtH har hatt 2 samlingar i året for tenestetorga i Hardanger. Norsk kurs for arbeidsinnvandrarar er òg eit arbeidsfelt i FtH i 2014, samt omdømearbeid og sosiale møtestadar. Alt vertsansvar og -oppgåver frå 2015 vert overført til den enkelte kommune. Prosjektansvarleg og prosjektleiari møter alle kommune-heradsstyra vinteren 2014/15 for å orientera om prosjektet ved prosjektslutt. Fram til 1.april 2015 vert det arbeid med sluttrapportering og økonomisk sluttoppgjør i eige dokument. I perioden 01.01.2009 – 31.09.2014 har folketallet i dei 7 Hardangerkommunane endra seg frå 22.755 til 23.024. Suksessen i prosjektet er å ha stansa ein 20-årig trend med folketalsnedgang som er snudd til folkeauke. No er det opp til kommunane å bruka det verktøyet Flytt til Hardanger har utvikla og halda oppe ein regional folketalsvekst.



I grunnlovsjubileumsåret 2014 har kulturfeltet i Hardanger skipa til eit festtog gjennom regionen med 30 arrangement kring tematikken hardangerkrafta, moderniteten, kunsten og framtidsvon. Alle kommunar/herad har fått innovative og merkevarebyggjande arrangement. Den offisielle opninga var framsyninga «Hardanger i 100» med eit fullsett Oslo konserthus 22. mars 2014 og Statsminister Erna Solberg som gjest. Prosjektet «Gje meg ein G» i Odda vart innlemma i den nasjonale prosjektporteføljen til Stortinget. Det same vart grunnlovsvandringa på ski mellom Hardanger og Oslo. Nasjonalikonet «Brudeferden i Hardanger» kom heim til Kabuso med store vitjartal. Ei rekkje tverrkommunale prosjekt har også vorte utvikla gjennom HardingPuls og HAKU. Skuleelevar medverka til den aller fyrste «Hardangerfanzinen». Pressedekninga har vore stor, særleg på stunta initiert av prosjektleiinga. Nasjonale medier har dekkja grunnlovsvandringa til Oslo, 17. mai-konsert på Finse med Geir Botnen på flybore flygel og romferda til grunnlovsmannen og karakteren Arnoldus von Westen Sylow Koren i oktober. Ein gjengangar var å bruka naturen som lærer i kunst-, kultur, og friluftslivformidlinga. Ein grafisk profil knytt opp mot brandet «Eg er ein HARDING» er utvikla med ein tilhøyrande arrangementsinndeling. Ein god del film dokumenterer arbeidet som er gjort gjennom året, tilgjengeleg på eigen Vimeo-kanal. Grunnlovsjubileet Hardanger 2014 var eit spleiselag mellom Hardangerrådet, Hordaland Fylkeskommune, Sparebankstiftinga Hardanger og Sparebanken Vest.



... med auge for framtida!

I 2014 har Hardanger Ungdomsråd hatt lågare aktivitet enn før med 3 rådsmøter. Rådet har vore utan fast leiari sidan mars. Nytt råd vert konstituert i januar 2015. Nesten berre nye representantar. Styreleiari i Hardangerrådet iks Toralv Mikkelsen, har vore med på 2 råds-møter, det har vore lærerikt og kjekt. Viktig med erfarne politikarar på møta til HU. Det er stor iver i det nye rådet som har bestemt at det for fyrste gong skal arrangerast Hardanger Ungdomsting i februar 2015. Dette for å bygga nettverk og verta kjende med kvarandre og i eigen region.

## Aktivitet og prosjekt i 2015



Hardanger  
Breiband AS

### Fiberring i Hardanger

Hardangerrådet har i mange år hatt ei aktiv rolla for å få bygd eit godt stamnett i Hardanger. I 2004 resulterte dette i at me i eit Offentleg Privat Samarbeid (OPS) med Hardanger Breiband AS fekk bygd eit radiolinje-basert stamnett. Med finansiering frå Hardangerrådet og Regionalt Næringsfond Hardanger, har Hardanger Breiband i 2013 gjennomført forprosjektet «Fiberstamnett i Hardanger». På bakgrunn av dette arbeidet, søkte Hardangerrådet om midlar frå Hordaland Fylkeskommune til fullføring av fiberstamnett i Hardanger. fylkeskommunen løyvde 2,9 millionar kroner til prosjektet. Saman med midlar frå Hardangerrådet, kommunane og Hardanger Breiband, så vil dette føra til at ein kan fullføra bygging av ein 10 Gbit redundant fiberring i Hardanger. Denne framtidretta infrastrukturen er planlagd ferdig i løpet av 2015, og vil ha ei kostnadsramma på ca. 6 millionar kroner. Prosjektet vert gjennomført som eit OPS med Hardanger Breiband AS.



Hardanger

### Hardangerkonferansar i 10 år for regional informasjon og nettverk.

Hardangerkonferansane starta med Streif i Hardanger som Hordaland fylkeskommune sin 100-årsmarkeringa for 1905. Frå og med 2006 har det vore årlege Hardangerkonferansar som har teke opp aktuelle framtidretta tema for Regionen Hardanger. Konferansane samlar årleg 100-120 deltakarar og turnerer rundt i regionen. Konferansane er eit nyttig informasjonsforum og nettverksstad for politikarar, næringsliv og sjølvstyre andre interesserte. Hardangerkonferansen 2015 vert 11.-12.november i Ullensvang. Hardangerkonferansane er samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Sparebanken Vest, BKK, Reisemål Hardanger Fjord, Hordaland Bondelag, Hardanger Næringsråd, Vertsherad/-kommune og Hardangerrådet iks.



Hardanger

### Merkevare Hardanger

Prosjektet vart presentert våren 2005 på 1905-makinga "Streif".

\*Ein paraplyprofil med målsetjing å styrkja regionen sitt omdøme og slik verta Hardanger si eige sterke merkevare.

\*Merkevareprofilen skal ikkje erstatta noverande merkenamn og logoar, men forsterka interessa for eit produkt ved tilknytning til namnet Hardanger.

\*Merket er difor diskre utforma, men tydeleg. Tilsvarande merking er t.d. Godt Norsk.

Helge Møller er engasjert som Merkevareambassadør i Hardanger. Merkevare Hardanger har no over 130 lisenshavarar og er stadig under utbreiing. Hardangerrådet har som mål å gjera Hardangerlogoen synleg langt utover Hardanger. Ta kontakt [www.hardangerradet.no](http://www.hardangerradet.no)



Hardanger

### Interkommunalt tenestesamarbeid i Hardanger.

Rådmannsforum i Hardangerrådet arbeider med framtidige utfordringar for dei kommunale tenestene i ei tid med aukande krav til kompetanse og tenestekvalitet. Med særleg fokus på interkommunale samarbeidsområde. I interkommunalt frivilling samarbeid kan ein få betre profesjonelle tenester til innbyggjarane og regional attraktivitet. Alle kommunane i Hardanger arbeider interkommunalt i ulik grad og på ulike område, frå interkommunale selskap til vertskommuneordningar. Fleire av ordningane er i samarbeid med Voss kommune.

Oppretta område er Barnevern, Brannvern, IKT, Økonomisystem, Innkjøp, Skjenkekontroll, Tilsynsordning skule-barnehage, Vassområde, Miljøfyrtårnordning of Frisklivssentral. I

## Aktivitet og prosjekt i 2015

Samhandlingsreforma i Hardanger er det oppretta mellom anna Legevaktordnignar og ØH-senger. Flytt til Hardanger er styrt av Rådmannsforum og har medverka til folketaksvekst. Ikkje avklara samarbeid er mellom anna Hardanger Landbrukskontor, Hardanger Tilsynskontor/Plankontor.



I 2014 er det interkommunale samarbeidet ført vidare i «Prosjekt Folkehelse og Samhandlingsreforma i Hardanger og Voss 2014-2015». Styringsgruppe er Rådmannsforum, som har godkjent 8 ulike delprosjekt. Det er etablert arbeidsgrupper med deltakarar frå Voss og Hardangerkommunane. Vaksdal deltek i samarbeid omkring Prehospitale tenester, Nødnett og Rehabilitering. Andre område er vidareføring av Nettverk for folkehelse, Nettverk for kommunehelse og samfunnsmedisin, samarbeid om Miljøretta helsevern, Rus og psykisk helse og Sjukeheimsmedisin. Samhandlingsprosjektet har også i 2014 fått skjønstilskot frå Fylkesmannen i Hordaland. Arbeidsgruppene skal oppsummera erfaringane ut juni 2015 og gje sine tilrådingar til styringsgruppa. Meir informasjon om prosjektet er lagt ut på heimesida [www.kvam.no/samhandlingsreforma](http://www.kvam.no/samhandlingsreforma)



Hardanger / Voss  
kompetanseregion

Samarbeidsorgan innan barnehage- og skulefeltet om oppgåver som kan verta løyst betre på regionalt nivå. Kvam herad har leia inneverande år. Leiinga går på omgang Regionen har gått saman om fleire digitale verkty for å halda kostnadane nede. Dette gjeld «1310.no», IKT plan Hardanger/Voss og nye verkty som:

- «Kikora», digitalt læremiddel i realfag for ungdomsskulen og mellomtrinnet.
- PULS-skule, digitalt verkty for vurdering og utvikling av kvalitet.
- VOKAL, nettbasert verkty knytt til kartlegging og oppfylgning av den einskilde elev.

Forutan LUIB og LUIS samlingar og storkurs arrangert i samarbeid med Statped Vest, vert fylgjande kompetansehevande tiltak trekt fram:

- Basiskompetanse for assistentar, 4 samlingar arrangert i Løo på Seim.
- Nasjonal konferanse for barnehagevurderarar og LUIS samling, 22. og 23. mai. Om lag 90 deltakarar fann vegen til Brakanes hotel, Ulvik.
- Barnehagelærarutdanninga, arbeidsplassbasert utdanning i Kvam.
- Grunnskulelærer 1.-7. samlingsbasert utdanning på Voss.

Elles samarbeider kommunane om lokalt gitt eksamen, ekstern vurdering og kurs for instruktørar med ansvar for å godkjenne symjelærarar.

Avslutta prosjekt er: Ny GIV, GNIST og «Læreplan Hardanger».

- <http://www.hardangervosskompetanseregion.no>



**Team Hardanger.**

Næringsutvikling, tiltaksarbeid og etablerarteneste har opp gjennom tidene hatt varierende fokus og organisering i Hardanger. Siste 15 åra har Hardangerrådet hatt ansvaret for dette som eit viktig arbeidsfelt. Det kommunale næringsarbeidet er ulikt organisert i Hardanger. Team Hardanger er eit nettverk av Hardanger sine kommunale og regionale næringsansvarlege og etablerarretteleiarar, koordinert av Hardangerrådet iks. Tone Søggaard i Ytre Hardanger Opplæring, Kvam har ansvaret for Etablerarskule Hardanger på vegne av Hardangerrådet. Målsetjinga er å nytta felles kompetanse til å gje god rettleiing til dei framtidige etablerarane i Hardanger. Etablerarskulen gjev årleg tilbod om modulbasert opplæring for gründerar og andre som treng slik opplæring. Kontakt eigen kommune eller [www.yho.no](http://www.yho.no) eller sjå [www.koman.no](http://www.koman.no)

## Aktivitet og prosjekt i 2015



Hardanger

### Hardanger Kulturråd

er eit samarbeids – og rådgjevande organ oppretta av dei sju Hardangerkommunane. Rådet arbeider med kultursaker og tildeler regionale kulturmidlar. Det skal leggjast vekt på at kulturtiltaka fremjar samhald, samhandling, næringsutvikling og styrkjer Hardangerkjensla. Rådet er eit rådgjevande organ i kultursaker i høve Hardangerrådet som også har sekretariatet.

Hardanger kulturråd sine medlemer er kulturansvarlege i dei sju Hardangerkommunane. Leiaroppgåva går på omgang. I 2014-2015 er kultursjef i Odda leiar i Hardanger kulturråd.



Hardanger

### Internasjonale Hardanger.



### Hardanger-Berlin Husvære.

Hardangerrådet er på vegne av Hardangerkommunane ansvarleg for artist-in-residence-ordninga Hardanger – Berlin. Ordninga vart oppretta i 2009 og har avtale med huseigar med eitt års oppseiingstid. Hardangerkommunane finansierer ordninga førebels til og med 2017. Søknad om opphald vert lyst ut om hausten for opphald påfylgjande år. Som retningsgjevande regel vert det høve til eit opphald 1-3 månader pr. kunstnar. Det er fleksibilitet i ordninga når det gjeld lengde for opphaldet. Ordninga baserer seg på same modell som Bergen kommune nyttar og er lokalisert i same hus som AIR Bergen. [www.hardanger-berlin.no](http://www.hardanger-berlin.no)

### Japan Hardanger-Club

Med bakgrunn i eit reiselivssamarbeid har det utvikla seg ei kulturutveksling med fokus på Hardingfelespel og Hardangersaum mellom Hardanger og Japan. Hardangerrådet er deltakar i ein Japan Hardanger Club med føremål å få til vidare utvikling til felles nytte. Hardingfeleinstitutet i Tokyo er grunnlagt av Rio Yamase og har 30 elevar. RHF, Fylkeskommunen, Hardanger og Voss Museum (HVM) og Hardangerrådet iks er vertskap for Japanske hardingfelestudentar som kjem til Hardanger for å læra meir felespel og forstå kulturen vår. Hardangersaum er også svært populært og utbreidd i Japan. Reiselivsnæringa og HVM organiserer i eigne studieopphald for japanske broderarar. Fleire japansk gjester til Hardanger er venta og RHF jobbar for direkte flyruter Japan-Flesland. I 2014 hadde Hardanger vitjing av violinbyggjar, Mr Keisuke Hara, frå Tokyo som vil læra kunsten å byggja Hardingfeler. Han møtte mellom andre Frank Rolland og Arne Jordan.

### EU-prosjektet ProWell

Hardangerrådet er med i eit EU-prosjekt som skal utvikla og promotera «wellbeing» eller som me her kallar «godeliv» på landet. Prosjektet verta drifta frå Finland og har primært nedslagsfelt i Norden og Baltikum. Eit samarbeid mellom organisasjonar som arbeider saman for å tilrettelegga, utvikla og fremja berekraftig slike reiselivsprodukt i distrikta. Prosjektet skal profilera og auka konkurransevna til Nord Europa som ein «godeliv»destinasjon For Hardanger betyr dette at me skal setja fokus på å fremja reiselivsprodukt som har i seg «det gode liv». Her tenkjer me på ro og fred, god mat og drikke, gode opplevingar og gjerne tid til refleksjon. På denne måten vil Hardanger visa seg fram som ein godeliv-region.

## Aktivitet og prosjekt i 2015



### Lokalmatsatsing

Hardangermeny er eit nettverk av lokalmatprodusentar og serveringstader i Hardanger. Lokalmat har Hardangerrådet sett fokus på sidan 2003 og jamn jobbing gjev resultat.

I 2011 gjennomførte Hardangerrådet ved Team Hardanger prosjektet «Hardanger i Greve in Chianti». Der var småskalaprodusentar med for å servera Hardangerprodukt i Italia. I 2012 er det teke initiativ til å utvikla SlowFood-regionen Hardanger med Citta Slow – filosofien. Forprosjektet Hardanger SlowFjord i 2013 sette fokus på kunnskap om og bruken av eit stort mangfald av smak frå fjord og land. Lokale matprodusentar deltok på TerraMadre på Røros for å læra samarbeid og distribusjon frå firmaet Rørosmat. Slow Food Hardanger vil visa fram den gode smaken frå Hardanger frå djupaste fjord til høgfjell, eit mangfald som er unikt i verdssamanheng innan eit så avgrensa geografisk område. Ulvik herad har søkt opptak som «Citta-Slow-kommune» for å fremja sine naturgjevne føremoner for det gode liv på bygda. Ein studietur til Toscana har etablert nettverket til Cittaslow-rørsla og Ulvik arbeider med godkjeninga. <http://slowfoodhardanger.blogspot.no> , [www.ulvik.kommune.no](http://www.ulvik.kommune.no);



### Næringsshagar i Hardanger

Hardangerrådet har gjennom fleire år støtta arbeidet for Regional Næringshage i Hardanger. Næringsshagar har miljø for nettverksbygging, kompetanseheving og samarbeid mellom verksemder i same bransje og på tvers av bransjar. Målet er auka regional verdiskaping gjennom vidareutvikling og vekst i nye og eksisterande verksemder. I ein næringshagen får små verksemder tilgang til relevant kompetanse og nettverk, i tillegg til eit faglig og sosialt fellesskap. Næringshagen skal også vera møteplass for virkemiddelapparat, samarbeids-partnarar og erfaringsutveksling med andre næringsshagar i Noreg. Næringshagemiljøet skal bidra til å styrkja utviklingskompetansen i dei enkelte kommunane og på tvers av kommunegrensene.

Frå 2015 vil me ha 2 næringsshagar i Hardanger. Næringshagen i Odda er veletablert og koordinerer viktige funksjonar som Hardanger SMB, Høgskulestiftinga, Ungt Entreprenørskap Hardanger, Etableraretleing for Odda og Ullensvang, samt ei skiftande prosjektportefølgje. Arbeidet for å oppretta ein ny Hardanger Næringshage i Kvam herad med lokalisering til Øystese, er inne i sluttfasen. Nedslagsfeltet er verksemder og kommunar i heile regionen. Næringshagen i Hardanger søkjer no om opptak i SIVA sitt næringshageprogram, noko som vil gje god økonomisk støtte til drifta i 10 år framover. [www.hnodda.no](http://www.hnodda.no); [www.knr@kvamnet.no](mailto:www.knr@kvamnet.no)

**UNGT  
ENTRE  
PRENØR**

**SKAP i Hardanger** Hardanger si framtid er avhengig nyskaping, både nye arbeidsplassar og utvikling av eksisterande verksemder. Kreativitet og entreprenørskapskultur hjå den oppveksande generasjon, samt eit ynskje om å busetja seg i regionen etter utdanning, er sentralt for å utvikla Hardanger i framtida.

Ungt Entreprenørskap arbeider saman med Hardangerkommunane for å styrkja lokal identitet og fremja evne og vilje til nytenking og verdiskaping, med skulen som arena. Sentralt i arbeidet er å knyta kontakt mellom skulane og det lokale nærings- og arbeidslivet. Ungt Entreprenørskap i Hardanger er eit prosjekt drifta av Næringshagen i Odda, ved prosjektleiari Signe Sandvik. Prosjektet starta opp i 2010 og kan visa til gode resultat. Særleg Odda vgs har utmerka seg og vunne regionale og nasjonale prisar i entreprenørskap. Det vert no arbeidd med å utvikla prosjektet vidare, og målet er at alle skular i Hardanger skal ha entreprenørskap som ein del av utdanningstilbodet.

## Aktivitet og prosjekt i 2015



### Mulighetsstudie 2014

Hjeltnes vidaregåande skule i Ulvik stod i fare for avvikling i grunnlaget for skulebruksplan for Hordaland. Fylkestinget bestemte i 2013 at det skulle gjerast ein mulighetsstudie for ei framtid for skulen med frist mars 2015. Dagleg leiar i Hardangerrådet iks er medlem i prosjektgruppa for mulighetsstudiet. Prosjektgruppa legg fram eit forslag til styringsgruppa i Hordaland Fylkeskommune med idear om kva ein kan satsa på for ei framtid for Hjeltnes. Det er to hovudtrekk i dette: Campus Hjeltnes med spennande skuletilbod og internat og Reisemål Holmen med attraktive tilbod for innbyggjarar og gjester.



Stiftinga for Høgskuleutdanning i Hardanger vart etablert i 1993. I 2012 vart stiftingskapitalen uvida, med fleire partar. Bak stiftinga står private verksemder, kommunar og Hardangerrådet iks. Det er i dag 3 studiestader: Odda, Kvam og Eidfjord med moderne fjernundervisningsutstyr. HiH samarbeider med høgskular rundt i heile landet og er medlem av og nyttar tilboda frå det nasjonale Studiesenteret. Hausten 2014 var det 81 som var knytta til høgskuleutdanninga i Hardanger i ulike fagområde. Dei kjem både frå og utanfrå Hardanger. Utviklingsarbeidet til HiH i 2014-2016 er å marknadsføra tilboda og å kobla dei statlege høgskulane med utdanning og næringsliv i Hardanger. Dette for å dekkja kompetansebehov i privat og offentleg sektor. [www.nhodda.no](http://www.nhodda.no) og [www.studiesenteret.no](http://www.studiesenteret.no)



### Hardingfela – kunnskaps- og formidlingscenter i Hardanger.

Hardanger og Voss Museum (HVM) har fått utfordring frå Hardangerrådet å jobba for eit eige internasjonalt Hardingfelesenter i Hardanger. Dette vil museet gjera i samarbeid med Ole Bull Akademiet på Voss. Samarbeidsavtale er undertekna og dei to organisasjonane jobbar no med å få tilførd ressursar til satsinga. Heller enn å etablere eit fysisk senter handlar det om å styrka hardingfeletradisjonane på ei rekkje områder, som t.d. opplæring, formidling og ikkje minst digital formidling gjennom [hardingfela.no](http://hardingfela.no). Pilotprosjektet Master Class Hardanger vart svært vellukka, og vert difor vidareført for tredje gong i 2015. I 2015 etablerast også ein internasjonal versjon, Master Class Hardanger – International, som er ope for søkjarar frå heile verda. [www.hardangerogvossmuseum.no](http://www.hardangerogvossmuseum.no)



### Nasjonal Turistveg Hardanger og Nasjonal Turistveg Hardangervidda.

Regionen Hardanger har vore med å utvikla Nasjonale Turistvegane sidan pilotperioden på 1990-talet og mange turistvegpunkt er etablerte i Hardanger. Hardangerrådet er aktiv koordinator i arbeidet. Hardanger har 2 av 19 Nasjonale Turistveg-strekningar slik:

- NT-Hardangervidda Rv 7 Eidfjord- Haugastøl
- NT Hardanger: Rv 13 Låtefoss-Tyssedal-Kinsarvik – FV 550 Utne-Jondal – FV49 Tørrvikbygd-Norheimsund – Fv 7 Steinsdalsfossen/Norheimsund-Granvin.

Steinsdalsfossen, Vøringsfossen og Låtefossen er turistvegopunkt med investering på tilsaman 250 millionar kroner. Utfordringa er regional og det er lokal medfinansiering av ca 80 mill. kr frå Fylkeskommunen, Hardangerrådet iks og «fossekommunane/herada». Perioden 2012 – 2022 er planen for å fullføra arbeidet i Hardanger. Anlegget ved Steinsdalsfossen vart opna våren 2014. I 2015 reknar me med at arbeidet ved Vøringsfossen vert starta opp. Sjå stor modell av denne på Hardangervidda Natursenter i Øvre Eidfjord. Satsinga ved Låtefoss avventar val av ny RV 13 gjennom Oddadalen. Også Rv 13 Skjervefossen og Fv 572 Granvin-Espelend-Ulvik har Hardangerrådet iks spela inn som ein del av Turistveg Hardanger, men dei er enno ikkje med. [www.nasjonaleturistveger.no](http://www.nasjonaleturistveger.no)

## Aktivitet og prosjekt i 2015



### Hardanger Miljøfyrtårnordning.

Miljøfyrtårnordninga i Noreg legg til rette for at verksemdar i landet skal få fokus på miljøvennleg drift og organisering. Hardangerrådet iks har ansvaret for å koordinera arbeidet i regionen og har utdanna 2 sertifisørar og kontakt med ein konsulent. Dette har både økonomiske og praktiske føremoner. Reiselivsnæringa er allereie godt i gang. Alle kommunane/herad i Hardanger er medlem i stiftinga Miljøfyrtårn og har egne kommune-kontaktar. Kontakt Hardangerrådet iks for spørsmål. Kommunane i Hardanger planlegg no å sertifisera kommune/herads/råd-husa sine. Først ut er Ulvik herad. [www.miljofyrtarn.no](http://www.miljofyrtarn.no)



Hardanger

### Kraftliner gjennom Hardanger - Midlar til avbøtande tiltak.

Hardangerrådet iks har vore koordinator for regionen sin formelle kontakt med staten i samband med bygginga av 420 kV kraftline gjennom Hardanger. Hardangerrådet iks og kraftlinekommunane har fått midlar til avbøtande tiltak for dette. Hardangerrådet iks har vedteke handlingsreglar for sine midlar. Midlane er i aktiv handling for regionen og viser resultat mellom anna innan infrastruktur, reiseliv og kultur. 40 % av midlane går til dei nasjonal turistvegpunkta. Midlane til Hardangerrådet er no for det meste disponerte.



Hardanger

### Regionalt Næringsfond Hardanger.

Hordaland fylkeskommune gjev Hardanger ein årleg sum som tilskot til næringsutvikling i regionen. I 2014 var det 1,2 mill kr, dels bundne og dels frie midlar. Dette fondet har eit styre på 9 personar og vert administrert av Hardangerrådet iks. Alle søknader skal levast digitalt på eige sentralt utvikla søknadskjema. Kontakt Trude Rinaldo i Hardangerrådet for informasjon.



Hardanger

### Regional Næringstrategi Hardanger

Etter initiativ frå Hardangerrådet så har Hordaland fylkeskommune teke med i sin regionale planstrategi eit planarbeid for Indre Hordaland, primært Hardanger og Voss. Som grunnlag for dette gjennomfører Hardanger Næringsråd, i samarbeid med Hardangerrådet iks, eit prosjekt som skal munna ut i eit dokument for Regional Næringstrategi Hardanger. Her ser ein på dei ulike næringsområda i regionen og konkluderer med tiltak som trengs for vidare vekst i regionalt næringsliv. Strategien ser ikkje kommunegrenser og vil vera klar på nyåret 2015. Då reknar ein med at fylkeskommunen startar arbeidet med Utviklingsplan for indre Hordaland.



Hardanger

[www.hardanger.com](http://www.hardanger.com)

Hardangerrådet planlegg å etablara heimesida [www.hardanger.com](http://www.hardanger.com) i 2015. Hardangerrådet sin informasjon, Flytt til Hardanger jobb og hus og Hardanger 2014 kalendar har innhald som vert vidareførte her. Det er ikkje meininga å erstatta eksisterande heimesider, men ha ei overordna framside som gjer det greitt å nettnavigera i Hardangerregionen. Arbeidet med og hardangerdottcom vil verta administrert av Hardangerrådet iks.

